



SUNNHORDLENDINGEN

MEDLEMSBLAD FOR POSTPENSJONISTANE I SUNNHORDLAND
Sumar 2021 med invitasjon til tur

Gode medlemmer!

Det er verkeleg ei stor glede å endeleg kunna BE INN TIL TUR. Det som tradisjonelt har vore ein vartur vert i år tidleg haust, men kva gjer vel det. Det viktigaste er at vi kan koma saman. De som har vore med ei stund hugsar truleg lokalturane til Fjelberg i 2014, Varaldsøy i 2015, Valen i 2016 og Bømlo i 2017. Stord vart avlyst i 2018 grunna få påmelde men kom sterkt tilbake med Gruene, Vindmølleparken og Kråko i 2019. I 2020 stoppa koronaen turen vår, men **No kjem altså Halsnøy den 8. september.** Borgny, Øyvind og Wally har planlagt dagen.

Vi blir henta med buss på Sunde kai etter båten som går frå Stord kl. 09.25. (09.45 på Sunde)
På vegen plukkar vi opp Wally, Borgny – og ikkje minst Øyvind som er turleiar.

Turen går fyrst til Fatland der vi ser oss om i parken til Arne Gjerde. Der er det fine turstiar og utskorne skulpturar. Borgny og Wally syter for ein kaffikopp med litt å bita i.

Vidare går turen til Høylandsbygd der Johannes Eide vil fortelja om mangt og mykje. Han er verkeleg kjekk å høyra på.

Vi drar så tilbake til Sæbøvik og mat på Bra lunsj ca. kl. 13.30. Vi får servert gryterett av okse med det som høver til og kaffi. NB! Dersom nokon har allergiar må dei sei frå på førehand slik at mat kan tilpassast.

Etter maten går turen til Klosteret der vi får omvisning.

Til slutt tar bussen oss tilbake til Sunde til båten som går kl.16.32.

Høyrest dette kjekt ut? Styret håpar mange vil bli med slik at turen kan gjennomførast. No er vi vel alle vaksinerte og smittetrykket er lite i Sunnhordland.

Kvar og ein kostar turen til Sunde sjølv. Resten: buss, mat og omvisning vert gratis for medlemene våre. Eventuelle andre må betala kr. 260,00 for mat og omvisning.

Bussen har plass til 40 personar ut frå koronareglane.

PÅMELDING INNAN 22. AUGUST til Eli Roseth Eik, tlf. **957 86 228** eller Kari Tysnes Kjos tlf. **915 66 184**

Bruk gjerne SMS.

Styret ser fram til ein kjekke tur, **VEL MØTT!**

Masse helsing frå Eli

Styret er samansett slik:

| | |
|------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------|
| Leiar Eli Roseth Eik | Tlf. 95786228 Epost: elireik@hotmail.com |
| Nestleiar/skrivar Unn Sara Spissøy | Tlf. 90780345 Epost: unnsara.spissoy@gmail.com |
| Økonomiansvarleg Kari Tysnes Kjos | Tlf. 91566184 Epost: karitysneskjost@gmail.com |
| Styremedlem Gerd Waage Skålevik | Tlf. 95454628 Epost: gerdskaalevik@gmail.com |
| Styremedlem Mikal Saltvik | Tlf. 92083745 Epost: mikal.saltvik@sklbb.no |
| Varamedlem Odd Egil Solberg | Tlf. 90179428 Epost: odd.egil.solberg@sklbb.no |
| Varamedlem Berit Bergsvåg | Tlf. 90046897 Epost: berit.bergsvag@sklbb.no |

Turkomiteen: Odd Egil Solberg, Tlf. 90179428 og Aslaug Tvedte, Tlf.95497773 **Aslaug ynskjer no avløyning. Styret blir veldig glad dersom nokon kan tenkja seg dette vervet. Berre ta kontakt med einkvan i styret.**

Nytt medlem:

Arnhild Sletteskog Lunde frå Lundegrend er kome med i laget vårt. **Vi ynskjer henne hjarteleg velkomen.** 2 medlemer har meldt seg ut.

Hagerupshuset: Treffdag er 3.torsdag i månaden.

Vi ynskjer jubilentane vår hjarteleg til lukka med dagen, nokre på etterskot og nokre på forskot.

90 år

Birgit Haldorsen – 12.5.

85 år

Arvid Teige – 09.02.

Jenny Aarskog – 07.04.

Ansgar Bjelland – 17.06.

Hans Kristian Furevik – 24.06.

80 år

Johan Nøstvåg – 30.01.

Målfrid Nøstvåg – 28.07.

75 år

Roald Håkon Eik – 27.04.

Bjørg Lillian Meland – 10.06.

Mikal Saltvik – 17.08.

70 år

Lars Sortland – 14.04.

Gerd Waage Skålevik – 31.05

Gerd Synnøve Røvde – 18.06.

65 år

Endre Johannes Solheim – 02.01.

Liv Berit Roseth Solberg – 02.02.

Gun Jane Thorsheim – 25.04.

Helen Møllerup Skaten Hystad – 18.05.

Berit Bergsvåg – 19.07.

Vi minner om Grasrotandelen.

Vi håpar de vil gje laget vårt dykkar del.

Då må de oppgje org. nummeret vårt **998 328 322.**

Grasrotandelen er på 7.0% Vi har no 5 gjevarar som har utløynt kr. 3791,91 i tilskot så langt i 2021. Vi håpar sjølvstakt på fleire gjevarar som vil auka tilskotet til kassen vår.